

---

## Dølavise ( Falumen går )

---

- Vers 1) Flaumen går,  
i Noreg i vår,  
bjørka sprett i dalom.  
Døla-kar,  
traust og hard  
rydjer ferda-gard.  
Sjå kor det losnar i alle lidom,  
skrida fer etter berge-sidom.  
Flaumen går,  
i Noreg i vår,  
og dølan er det som rår.
- Vers 2) Frå fjellet renn rinn  
ein bekk så linn  
mellom stuv og steinar.  
Av bekkjer små  
det vert ei å,  
fagrast du skal sjå.  
Høyr kor det i vatnet susar,  
høyr kor det i fossen brusar..  
Flaumen går,  
i Noreg i vår,  
og dølan er det som rår.
- Vers 3) Lita å  
kan du forstå  
kor ho fekk slikt mæle?  
Bekk som rann,  
er vaksen mann.  
Stans han om du kan.  
Ingen mann kan straumen vende.  
Tømmer og hus det set han på ende.  
Flaumen går,  
i Noreg er vår,  
og dølan er det som rår.
- Vers 8) Haralds verk  
fjellbonde sterk  
gjer no andre gongen.  
Gamalt grjot  
av kjempe-rot  
endå hev manndom og mot.  
Kome alle, ver med på ferda,  
så skal det spyrjast i vide verda,  
at Noregs mann  
gjekk på og vann  
atter sitt eige land.

**Forklaringer:**

*Stuv*: trestubbe. - *grjot*: stein

**Opplysninger:**

Teksten er skrevet av Ivar Mortensson Egnund fra Alvdal. Han var dikter og prest, og sterkt opptatt av målsak og folkelig kultur. Han skrev Dølavisa i 1906 inspirert av unionsoppløsningen og av den nasjonale renessansen som det førte med seg. Visa har vært et programdikt for målsaken, og det er et kvast kampdikt som lett vil kunne virke støtende. Det har derfor lenge vært vanlig å utelate versene 4 og 5 som er de krasseste.

Melodien er fra en gammel brudemarsj.